



Arild Aase
Åse 35
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14807 - 20/63701

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
12.10.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 186/2 Åse nordre

Tiltak: Oppføring av sagbruksbygg og landbrukshall
Byggjestad: Gbnr: 186/2
Tiltakshavar: Arild Aase
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.08.2020.

Mottakskontroll

Sagbruk

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon knytt til sagbruk:

1. Oppdaterte målsatte teikningar som syner snitt- og planteikningar for tiltaket. Illustrasjonsteikningane som fylgjer søknad om sagbruk er vurdert som tilstrekkeleg for å gje eit heilheitleg inntrykk av tiltaket.
2. Målsatt situasjonskart frå Alver kommune. Teikningane må, om aktuelt, syne avstand til nabogrense, veg, leidningar osv.
3. Det kjem fram av søknaden at tiltaket skal koplast til privat vassverk og privat avlaupsanlegg. Vidare kjem det fram at det ikkje ligg føre utsleppsløyve for tiltaket. Det er naudsynt å søkja om utsleppsløyve for tiltaket.
4. Det går ein kommunal veg om lag 50 meter unna planlagt tiltak. Tiltakshavar må vurdere om det er naudsynt med nabovarsel til Alver kommune.
5. Området er omfatta av omsyn friluftsliv (H530). I gjeldande kommunedelplan går det fram at i desse område skal landskaps- og friluftslivinteressene prioriterast og vektleggjast tungt ved handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak i områda. Innanfor desse sonene vert det ikkje tillate tiltak som kan hindre tiltang til bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevelsesverdi på anna vis. Det er naudsynt med ein vurdering av tiltakets påverknad på omsynssona.

6. Tiltaket kan sjå ut til å liggja i randsonen for omsyn ras- og skredfare (H310). Om tiltaket blir plassert innanfor omsynssona må det dokumenterast at tiltaket stettar krava i TEK17 7-3.
7. Tiltaket ligg innanfor sone for bandlegging i påvente av vedtak etter pbl (H710). I gjeldande kommuneplan går det fram at området er bandlagt til framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunellen med tilhøyrande tilførselsveggar, lokalveggar, vegkryss, tunell og tunnelpåhugg, gang- og sykkelveggar, rasteplasser og kontrollplassar. Vidare kjem det fram at innanfor båndleggingssona kan det opnast for tiltak i samsvar med gjeldande planar. Det er naudsynt å søkja om dispensasjon frå H710.
8. Det er registrert to raudlisteartar i tiltaksområdet; vipe (*vanellus vanellus* EN) og gjøk (*cuculus canorus* – NT). Du må kommentere eventuell påverknad tiltaket får på raudlistearten.

Landbrukshall

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon knytt til landbrukshall:

1. Delar av tiltaket er innanfor området som i gjeldande kommuneplan avsett til LSN 7 delområde C. I dette området er det krav om detaljregulering før det kan søkast om løyve til tiltak. Om du som søkjar ynskjer å gå vidare med prosjektet i dette området, er det naudsynt med søknad om dispensasjon frå dette kravet. Søknaden må vera grunngjeven i tråd med plan- og bygningslova § 19-1.
2. Oppdaterte målsatte teikningar som syner plan-, snitt- og fasadeteikningar.
3. Målsatt situasjonskart frå Alver kommune. Teikningane må, om aktuelt, syne avstand til nabogrense, veg, leidningar osv.
4. Tiltaket ligg innanfor omsyn ras- og skredfare (H310). Du må dokumentere at krava i TEK17 § 7-3 er stetta. Det er i denne samanheng krav om at rapporten vert utarbeida av fagkyndig.
5. Delar av tiltaket kjem innanfor området som er omfatta av omsyn friluftsliv (H530). I gjeldande kommuneplan går det fram at i desse område skal landskaps- og friluftssinteressene prioriterast og vektleggjast tungt ved handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak i områda. Innanfor desse sonene vert det ikkje tillate tiltak som kan hindre tiltang til bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevelsesverdi på anna vis. Det er naudsynt med ein vurdering av tiltakets påverknad på omsynssona.
6. Tiltaket ligg innanfor sone for bandlegging i påvente av vedtak etter pbl (H710). I gjeldande kommuneplan går det fram at området er bandlagt til framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunellen med tilhøyrande tilførselsveggar, lokalveggar, vegkryss, tunell og tunnelpåhugg, gang- og sykkelveggar, rasteplasser og kontrollplassar. Vidare kjem det fram at innanfor båndleggingssona kan det opnast for tiltak i samsvar med gjeldande planar. Det er naudsynt å søkja om dispensasjon frå H710.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **18.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arild Aase

Åse 35

5916 ISDALSTØ